

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

Kyrkjebakken nr. 8 – 2024 – oktobernummeret – årgang 53- Nytt stoff til julenummer innan 15.november



Bygdatreff

**Velkommen til
Bygdetreff på kyrkjelydshuset**

ONSDAG 27. NOVEMBER KL.11-13.

Denne gongen vert Øystein Austrheim med og fortel om Fønnes Bygdelag.

Enkel lunsj som vanleg.

**Ta med vener og naboar til ei triveleg stund
med god tid til prat.**



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
 tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
 Bodil Monslau 414 57 215
 Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
 eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
 Tlf. 56 16 72 90
 E-post: post.austrheim@kyrkja.no
 www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
 Sokneprest: Treffid etter avtale
 Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
 Stein Hugo Fykse 909 60 154
 Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
 Organist og kyrkjelydspedagog
 Jostein Hauge 40 46 62 11
 Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
 Soknerådsleiar
 Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen
 Epost kyrkjebakken:
 kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
 Redaktør: Jostein Hauge,
 Redaksjon: Jorunn Kårdal,
 Britt Rebnord,
 Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
 Trykk og Design Trykk-Service as



Søndag 03.nov kl. 19.30

Helgemesse

Søndag 24.nov kl. 12.00

Gudsteneste med dåp og knøttekor

Onsdag 27.nov kl. 11.00

Bygdatreff

Søndag 01.des kl. 17.00

Lysmesse med konfirmantane

Søndag 08. des Kl 18.00

Julekonsert med seniorkoret
 og forsongargruppa. Austrheim kyrkje

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1/4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!



Austrheim sokn

Gravlagd

11.10.2024: Nina Karin Hopland Knutsen f 1969 (bisetjing)

Døypte

16.juni

29.september

Emilian Vikene Brekke

June Ulvøy



Austrheim kommune kartlegger interesse for sorggruppe

Kommunen ynskjer å kartlegge interesse for sorggruppe og ber om at de som er interessert tar kontakt med kreftkoordinator/kreftsjukepleiar Dette vert eit kursopplegg utarbeidd av kreftforeininga og Montebello-senteret, som har 6 samlingar. Samlingane er tenkt ca kvar 2. veke og vert på ettermiddag/kveld.

Det er film og arbeidshefte som dannar grunnlag for samtale om

opplevingar og korleis ein kan finne meistring i kvardagen framover. Sorggruppe vert eit tilbod leia av kreftkoordinator i samarbeid med kyrkja.

Dei som er interesserte kan ta kontakt med kreftkoordinator Tove Kristin S. Tistel på Tlf. 40900216

Kjærleikens ABC og Den miskunnsame samaritanen

Å elska Gud, sin neste og seg sjølv. Kan hende vi kan kalle det kjærleikens ABC. Summen av vår tru. Grunnloven i Guds kongerike. Kven Gud er og og kven eg sjølv er har eg vel ein ide om. Men kven er nesten min? Ja, det var slik han spurde, den lovkunnige, advokaten, i forteljinga om den miskunnsame samaritanen (Lukas 10, 25-37.

Jesus er ubehageleg radikal i svaret sitt. Seier du at du likar denne historien har du neppe forstått den, har det blitt sagt.

Bergpreikas Jesus, har vi glømt han, spør Oskar Skarsaune i si bok, «Etterlyst: Bergprekenens Jesus.» Han seier «det mest revolusjonerande i Jesu undervisning er kanskje ikkje er det ubetinga nestekjærleiksbudet, men det faktum at Jesus definerar min neste som mitt medmenneske, uansett kva familie, gruppe, nasjon, rase eller kultur dette medmenneske tilhøyrer.»

For Jesus er menneskeheten ei einaste stor gruppe som vi pliktar å behandla med same omsorg som vi sjølv ønsker å bli møtt med. Dette var uhyre radikalt og provoserande i samtida og er det vel enno. Vi som vedkjenner at kvar menneske er skapt i Guds bilete, kjem ikkje utanom våre medmenneske. Dei vi lever tett på, dei som er langt borte, gudsbilete på same jord, barn under same himmel.

Kjærleiken handlar ikkje først og fremst om å finna seg sjølv, men kanskje meir om å bli rykka ut av seg sjølv, ut av min egen sjølvopphengthet, så vi evnar å bevega oss inn i kvarandre sitt landskap.

Jesus fortalte ikkje denne ligninga til dei overbelasta. Til dei var det heilt andre ting han sa. Som til dømes: «Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera. Eg vil gje dykk kvile.»

Den miskunnsame samaritan hadde både olje og vin i sin sekk og på eselet var det plass, - og pengar i pungen var det og. Han drog til sjukehuset med pasienten sin, la ut det det kosta, for så å fortsette si planlagde reise.

Eit førebilete, ein modell, på det vi kanskje kunne kalle ansvarleg balanse. Balansert ansvarligheit er det nettopp nestekjærleiksbudet oppfordrar til: «Du skal elska din neste som deg sjølv.» Det handlar om at vi må vere noko for oss sjølv for å kunne vere noko for andre.

«Forstrekkinga» er ein gledesjuv. Det kan vere tider i livet då det er nødvendig å strekke seg lenger enn langt, men det er ikkje normen – normen er vel å leva innanfor dei grenser den enkelte av oss har.

Å vere noko for seg sjølv handlar om å ta seg sjølv på alvor, sine følelsar og behov,

sine holdningar og verdiar, sin energi og lyst, sine krefter og begrensningar. Forteljinga om den miskunnsame samaritan er tydelig i all sin enkelhet. Advokaten tok poenget og sa seg enig med Jesus; Samaritan en er forbilledleg i si miskunn.

Presten og kyrkjetenaren tilhørte det gode selskap, men blir levna liten ære. Samaritanen som egentlig er skurken og ikkje tilhørte det gode selskap, er det store forbilde.

Det var han som sette seg sjølv i livsfare ved å gå bort til mannen. Stelte og forbandt såra hans. Løfta han opp. Frakta han til sjukehuset og betalte for vidare behandling.

Forteljinga om den miskunnsame samaritan fører oss tilbake til fellesskapet under Guds himmel. Fellesskapet av heile menneskeheten der alle grenser er oppheva og vi alle er like viktige og verdfulle og kalla til å vise miskunn mot alle; ved å elska Gud, vår neste og oss sjølv. Kjærleikens A,B,C. Summen av vår tru. Grunnlova i Guds kongerike.

Stein Hugo Fykse
-spr-



Bygdatreff

Ca. 100 hadde møtt opp for å høyra Mikal Krossøy fortelja om "Øyane, eit eige øy-samfunn". Det var veldig interessant å høyra på. Mikal hadde så mykje å fortelja at me fann ut at han må komma att ein annan gong

for å fortelja resten av historia. Jan Foss bidrog som vanleg med fin song og musikk. Rune batt det heile flott saman. Folk kosa seg med god prat, mat og kaffi.



Takke

for all omtanke, fine blomar og helsingar i samband med Trygve Njøten sin bortgang. Me vil takka heimesjukepleien og pleiarane ved Nordliheimen for god hjelp og pleie. Takk til alle som kom og deltok i Trygve si gravferd.

Helsing Aslaug, Jorunn, Kåre og Siri

Hjertelig takke

Hjertelig takk for deltakelse, omsorg og blomsterhilsninger ved min kjære mann og vår kjære far Erling Solheim sin bortgang. Takk for gaver som kom inn til Nordliheimen sin gavekonto. Takk til personalet på Nordliheimen.

Gerd m/familie

Hjarteleg takke

til diakoninemnda for hjertesjokolade og helsing som Målfrid kom med på 83-årsdagen min

Helsing Kjell Matre

Hjarteleg takke

for blomsterhilsner, kondolanser og deltakelse i begravelsen til vår kjære søster Anne Margrete Bakke. Takk til sokeprest Fykse og til organist Hauge for solosang i kirken. Takk til begravelsesebyrået Dahl/Vatne for all hjelp.

Hilsen Gjertrud Bakke og Atle Bakke med familie

Tusen takke

til diakonemnda for hjertesjokolade og fekk til 80-årsdagen min!

Helsing Dorthea Utkilen

Takke

til diakoninemnda for besøk og sjokolade. Takk til alle som viste meg oppmerksomhet i anledning min 80-årsdag.

Magnhild Lysø

Hjarteleg takke

for helsinga eg fekk frå diakoninemnda til 80 års dagen min. Og hyggelig besøk av Britt Rebnord.

Helsing Arne Kjenes

Hjarteleg takke

for fine blomar, varme og omtanke i forbindelse med mi kjære kone, gode datter og søster, Nina Karin Hopland Knutsen, sin bråe bortgang. Me vil takke alle som kom og var med i bisettelsen.

Takk til prest Stein Hugo Fykse og til Jostein Hauge for vakker song.

Helsing Kai Lennart, Olly, Sverre Leon, Ståle Otto, Nils Vidar med familie



TURGRUPPE

ER FOR KREFTPASIENTAR OG PÅRØRANDE, SAMT ETTERLATNE.

Turgruppa går tur kvar torsdag kl. 11.00 med oppstart frå Vardetangen v/ parkeringsplassen eller ved molo Fønnes.

Kontaktperson er kreftkoordinator Tove Kristin S.Tistel Tlf. 40900216

Ein tar med seg litt niste og drikk om ein ynskjer det. Kjekt å dele ein kaffikopp ilag undervegs.

Ingen påmelding eller betaling for å vere med.

Det er fleire benker langs turløypa til å kvile på og turløypa er veldig fint tilrettelagt, der turgruppa gjerne nyttar dagsturhytta på turen

Velkommen med på tur.



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY, MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Austrheim ungdomslag presenterer revyen:

DEI OM DA -(U) VANLEGE FOLKS TUR



Lørdag 9. november kl. 19.00 på Samfunnshuset

Det blir Pubkveld til inntekt for samfunnshuset.
Åpen mikrofon etter revyen for de som vil prøve seg på scenen.

Dørene åpner kl 19.00. Billetter kr. 200 selges i døren.

*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE

begravelsesbyrå

Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto
vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

FIEDER

NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjøs Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 27. okt. 11:00 Søndagsmøte Christian Skoge talar

Lørdag 16. nov. 13:00 Bedehusdagen. Sjå separat annonse.

Søndag 1. des. 11:00 Søndagsmøte, Leiv Nesheim talar.

Søndag 8. des. 11:00 Adventsmøte, Anita Solbakk talar.

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.



BEDEHUSDAGEN

Lørdag 16. nov. Årås bedehus
Dørene opnar kl 13:00, programmet startar kl 13:30.

Andakt av Siv-Merethe Myhr
Tombola, årelotteri, trekning av loddbøker, café.

Både kontantar og VIPPS kan brukast. Om du vil støtte med ein gevinst,
kan den leverast på bedehuset torsdag 14.nov kl 18:00
Om du ynskjer, kan du allereie no kjøpe lodd på VIPPS
#518275. Merk med «Lodd» samt namn og mob.

Vel møtt på Årås bedehus



50 års konfirmantar 2024

1.rekke frå venstre:

Audhild Hopland,
Gudny Sognnes,
Evy Sætre,
Kirsten Sætre,
Marit Solheim Vassdal.

Anne Grete Kaland Tøsse,
Margaret Øksnes,
Linda Hevrøy Mongstad,
Tove Kvamme Sætre,
Kjell Håkon Pedersen,
Prest Stein Hugo Fykse.

2.rekke frå venstre:

Berit Landa Bråthen,
Edel May Gullaksen Brørvik,
Irene Lervåg Fanebust,
Torill Vabø Malmquist,

3.rekke frå venstre:

Gunnstein Sætre,
Godtfred Sæle,
Jan Austrheim,
Jan Kåre Myklebust.

STORSTILT JUBILEUMSBASAR

I 2025 er kyrkja vår 160 år. Det vert då lagt opp til fleire arrangement som går inn i markeringa av jubileumsåret. I neste nummer av Kyrkjebakken vil du få ei tilnærma oversikt, men alt i januar smell vi til med ein skikkeleg jubileumsbasar.

Merk deg søndag 26.01.25 kl. 15.00.

Kva og kvifor lodd og basar?

- **Inntekta går til oppgradering av inventar og utstyr på kyrkjelydshuset**
- **Det er brukarane som saman med soknerådet står bak loddal/basar**
- **Dei største brukarar er:**
- **Austrheim Seniorkor**
- **Austrheim Songlag**
- **Foreininga Kjerringrokken**
- **Bygdatreff**
- **Austrheim sokneråd**

Andre lag og organisasjonar bruker også lokala sporadisk, og vi er glade for at også foreininga Kyrkjeprydna vil hjelpa til med loddal.

Kyrkjelydshuset er eigd av Austrheim kommune og dei har ansvar for ytre vedlikehald. Austrheim sokneråd leiger huset og har ansvar for indre vedlikehald. Huset har møterom som fleire lag og organisasjonar leiger, og salen nede ei mykje i bruk til diverse tilstelningar.

Seniorkor og songlaget har sine øvingar her, Bygdatreffet samlar mellom 60 og 100 personar ein onsdag i månaden, og det vert arrangert temakvelder og andre samlinger her. Også private leiger salen i kjellaren. Det trengst no midlar til å fornye bord, stolar og diverse anna utstyr. Også på kjøkkenet trengst det fornying. Her er i alle fall nok å bruke pengar på. Difor har brukarane, saman med soknerådet, tenkt at ein skikkeleg basar kan bidra til å fikse litt opp i dette.

Vi håper at bygdefolket tek vel i mot loddkjøparar og på den måten bidreg. Og vi håper på fullsatt samfunnshus 26.01.25.

**Vil du eller di bedrift bidra med ein gevinst?
Då kan du ta kontakt med
Edvard Bjerkestrand, mob 46922638
eller Helge Dyrkolbotn, mob 41662610**

Dette vert gøy!

Meir info om jubileumsåret i neste KB



Min Salme

Arne Leikvoll



Eg vart litt i stuss når eg vart spurt om å skrive om min salme i Kyrkjebakken. Har ikke ein spesiell salme som føles som min, men eg er glad i sang og musikk, det har eg fått med meg både fra heimen og ikke minst fra ei bestemor som sang og spela gitar. Ofte er det spesielle hendelser som gjær at enkelte sanger vert lagt merke til og huska.

Ei tante jobba litt for Blå Kors i Bergen. En gang hadde ho med seg nokre jenter heim til Leikvoll. Dei stilte seg opp utafor huset og sang «barnatro» Både sangen og jentene gjorde nok inntrykk på en 9-10 åring. Når eg hører Lapp Lisa synger denne sangen tenker eg enda på denne hendelsen.

Eg er også glad i gospel sang og musikk, gjerne amerikansk. Elvis Presley sin «He is my everything» er en gobit. Når eg likevel skal velge en salme så må det verta «Bre dina vida vingar». Den vart skrevet av Lina Sandell i 1860.

Eg budde 2 år i Gøteborg, her var eg en flittig gjest i sjømannskirken på søndagskveldene. Presten var Stein Gundersen fra Bergen. Han var en ivrig Brann fan, så her fikk me siste nytt fra den fronten. Kvelden vart alltid avsluttet med salmen Bre dina vida vingar. Sangen vart etter dette kjent og kjær for meg.

*Bred dina vida vingar,
o Jesus, över mig
och låt mig stilla vila
i ve och väl hos dig!
Bliv du mitt allt i alla,
min visdom och mitt råd,*



BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

FONNES FILIAL

Fonnes filial har flytta til nye og fine lokale på Kaland skule.

Du finn oss vegg i vegg med barnehagen, inngang ved den gamle naturfagsalen i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Den nye filialen har fokus på barnebøker.

Filialen vil vera open for publikum annankvar torsdag (oddetalsveker) 10-16.00.

Følg oss gjerne på facebook

GOD BOK



KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel
Tlf: 40 90 02 16
Sætre marka 2 -k-hus
Tysdag ,Torsdag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson
Tlf: 96 62 66 56
Sætre marka 2 -K-Hus
Tysdag , Onsdag og Torsdag



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:
08.30- 15.00

Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:
kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13



TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Høyrselekskontakt i
Austrheim 56 16 21 23



Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstysrvarer - Bokhandel/Leikar
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik



HAGE GRAVING LANDSKAP

Hekk og plen,
drenering,
vedlikehold
og rydding.

Ta kontakt for
GRATIS befaring
Tlf: 90 88 18 69

STILLAS & VEDLIKEHOLD

Utleie, montering,
godkjenning.

Bred erfaring, bare
fornøyde kunder.

Ta kontakt for
GRATIS befaring
Tlf: 90 88 18 69



OPPVASKMASKIN TIL SALG



Den gamle oppvaskmaskina på kyrkje-lydshuset er blitt bytta ut. Ønsker du å kjøpe den for 4000kr? Vasker opp på ca 4,5 min. Ta kontakt med Kyrkjekontoret 56167290 / post.austheim@kyrkja.no





Varmepumper i Austrheimkyrkja

Vi omtalte dette i eit tidlegare nummer av Kyrkjebakken. No er prosjektet gjennomført og vi set igjen med eit splitter nytt anlegg som vi til no er svært godt fornøgd med. Kvar og ein som kjem inn i kyrkja, vil måtta leita litt før dei finn dei innvendige konvektorane. Det er fire av dei i talet og dei har fått ein farge som gjer at dei går i eitt med veggane i kyrkja. Berre dette grepet er vi godt nøgde med. Dette var også eitt av krava frå biskopen i prosessen med godkjenning av anlegget.

Vi fekk i utgangspunktet lov til å byggja to pumpehus, eitt på kvar av langsiden i kyrkja. Då arbeidet starta opp, vart det bestemt at to pumpehus kunne reduserast til eitt og at alle dei utvendige pumpene fekk plass på ei rekke. Plasseringa av dei utvendige pumpene er også slik at dei ikkje reduserer effekten på varmpumpene, samstundes som dei er plassert opp til

muren i aust på ein diskret måte.

Vi har vore godt nøgde med samarbeidet vi har hatt med KG elektro, som har hatt totalentepriksen på dette prosjektet. Det er kjekt å oppleva at ein har med flinke folk å gjera og det skadar heller ikkje at dei har hatt ei utprega «ingen problem» haldning gjennom heile prosessen.

No er ESWA mattene i golvet kopla ut for godt. Det er slutt på den tida då vi måtte fysisk inn i kyrkja for å justera varmen opp eller ned. Alt vert no styrt over nettet via ein app. Vi merkar allereie ein meir behageleg varme i kyrkja. Og vi håpar på meir behagelege straumrekningar framover, sidan varmpumper skal vera langt meir straumgjerrige enn varmematter og rørvnar.

Leif Arne Økland kyrkjeverje

BOKSLEPP

på Kyrkjelydshuset
mandag 4. november 2024
klokka 18.00

Presentasjon og sal av boka *Vest ved Vardetangen V* Musikalsk innslag
Kaffi og noko å bita i

Alle er hjarteleg velkomne



Boka kan frå 5.11. kjøpast hjå:
Mastrevik Bok og Leker,
Servicetorget Austrheim kommune,
Liv 90077875, Mikal 47463195,
Helge 90931379, Atle 94494965,
Harald 97150922,
Einar 95168340.
Boka kostar 350,- kr



Fulebasar på Litlås bedehus

fredag 22 november
kl 18.00.

Andakt ved Solveig Hosøy

Åresalg, salg av litt småbakst og handarbeid, loddbok og lynlotteri.

Kom og ver med oss denne kvelden, du er hjertelig velkommen!

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering:
15.november
17.januar

Kyrkjebakken kjem ut:
27.november (julenummer)
29.januar

